

Redaksjonelt: Om bileta på framsida

I redaktørens sitt fråvær fer eg freiste å skriva leiari i denne utgåva av bladet, - ikkje lett. Men eg måtte gjerne bruke bileta som grunnlag for ein tekst og ei framside, sa han sjølv - så gjort.

Framsida har seg slik:

Nede til venstre: Det smalt på "Fjell 13", ei dugelig salve og eit godt brak, - og sanda og leira i sleppane for rett til himmels, ei lysgråblåbrunleg støvsky, godlukt for dei som må flytte syenitten, - og dei som er




nyfikne på kva som ligg inne i berget. Her er karane ute for sjå om alt gjekk av. Det gjorde vist ikkje det, det var noko ugreie med koplingane, men etter ein time gjekk resten.

Oppe til venstre: Alt vel, og gravemaskinen er fram-på og tar for seg. Opp i dumperen med steinen, store og små, og så vert det tippa rett utfor skråningen, som nesten var ferdigplanert.

Oppe til høgre: Smalen stakkar skjønar ikkje kva som går føre seg. (Eller er dei ute etter mineral?) Men

det var noko om at ein trudde det ville verta for lite masse og så fann ein ut at "fjell 13" skulle sprengast bort, ein rasteplass ville høve godt nett her, skulle ein meine, ut-sikt til bade-plassen til redaktøren, - riktig ein opplevingsrasteplass i villmarka! Men plassen



vert gjerda inn eller ute. Alt ettersom kva side ein er på, - noko slekt.

Nede til høgre: Desse bitene av feltspat og røykkvarts låg lause i denne sprekken etter ei sprenging på fjell 13. Det var ikkje sprenginga som hadde vore hard med krystallane, - bruddflatene var gamle. På



billete har dei vorte grundig vaska. Dei var ikkje så store desse bitane, redaktøren fortalde at han måtte halda arket fast med foten for at ikkje det det heile skulle blåsa burt under fotoseansen, dokumentasjon, - må veta!

I mitten: Redaktøren meinte; etter å ha funne ut at han hadde tatt hand om dei viktigaste bitane, og at

dei passa saman, at ein rasteplass ved fjell 13 var ei god avgjerd. No kan han plaska i Leir-sjøen og ha gode tankar om fjellet som ikkje finnst meir.

... Og at i solnedgangstider kastar sjølv små krystall, små folk og

ein gamal Talbot lange skuggjer. Tru om han er der enno? *Steingrim Nuten*